

# Forskrift om skulereglar Vindafjord kommune

Med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) §10-7.

## §1 Formål og verkeområde

Reglane skal bidra til at barn og unge i grunnskulen har eit trygt og godt skulemiljø trivst, lærer og opplever å høyre til i fellesskapet.

Forskrifta gjeld for alle elevar i grunnskulen både i skuletida, på skulevegen, på SFO og ved arrangement under leing av skulen.

## §2 Omsynet til eleven sitt beste og retten til å bli høyr

I alle saker som vert handsama etter desse reglane skal omsynet til eleven sitt beste vere grunnleggande. Skulen skal også ta i vare eleven sin rett til å bli høyr.

## §3 Åtferd

Alle skal visa omsyn og respekt for andre og eigendelane deira, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller andre personar på skulen.

Det er ikkje lov å bruka eller ta med nokon form for rusmidlar på skulen.

## §4 Undervisningssituasjonen

Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møte førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.

## §5 Eigedom

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.


## §6 Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon

Mobiltelefon og klokke med meldingsfunksjon skal ikkje nyttast i skuletida og SFO.

Tilsett kan gi unntak i samband med undervisning.

## §7 Konsekvensar ved brot på ordensreglementet

1. Samtale med eleven
2. Mobiltelefon kan bli dregen inn og oppbevart til slutten av dagen. Rusmiddel og farlege gjenstandar som vert tekne inn blir utlevert til føresette om dei ber om det (dette i tråd med retningslinjene til Udir).
3. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert ved melding eller merknad.
4. Samtale med elev og foreldre/føresette
5. Eleven kan i ein periode få avgrensa rettar på skulen.
6. Ved gjenteken bruk av mobiltelefon eller klokke med meldingsfunksjon kontaktar skulen heimen.
7. På ungdomsskulen skal det vurderast om brotet fører til nedsett karakter i orden eller åtferd (jmfr. Vurderingskriteria i orden og åtferd).
8. Utvising frå skulen etter gjeldande reglar (jmfr. Opplæringslova §13-1)





*”Kommunen kan fastsetje i skulereglane at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen.*

*Rektor/einingsleiar sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.*

*Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor/einingsleiar bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.”*

**ELEVEN HAR RETT TIL Å UTTALA SEG / BLI HØYRT FØR TILTAK VERT SETT I VERK.**

**§8 Lokale konkretiseringar**

Ved ..... skule gjeld desse lokale reglane:

**§9 Iverksetjing og opphøyr**

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024

